

## Forslag til vedtak - medverking

I e-posten frå SUR kjem dei med nokre konkrete spørsmål det er viktig å svare på. Nokre av desse spørsmåla finn me svaret på i UPP, medan me må diskutere dei andre. Under følgjer Eorg sitt forslag til vedtak på kva me svarer SUR.

- Er det et ønske i ditt UFT om at vi/noen skal jobbe vidare med Ungdommens Storting?
  - Under mål 4, Eigen Organisasjon, i UPP står det klart at medverknadsorgan skal lovfestast på kommunalt-, fylkeskommunalt- og nasjonalt nivå. Det står òg at «UFU skal arbeide aktivt, og helst saman med andre fylkeskommunale medverknadsorgan, for å fremje saka». På grunnlag av dette vert UFU råda til å svare ja.
  - Forslag til vedtak: UFU svarer ja.
- Ønsker dere å bidra inn i en arbeidsgruppe/referansegruppe?
  - Mål 4 b., Eigen Organisasjon, i UPP er: «UFU vil vere ein bidragsytar for å vere med å utarbeide retningslinjer for medverknadsorgana.», derfor bør UFU seie ja til å delta i ei slik gruppe.
  - Forslag til vedtak: UFU svarer ja.
- Ønsker ditt UFT å stille seg bak denne uttalelsen (evt med endringer?)?
  - Som Oddrun seier i e-posten så er uttalelsen ganske «rund» i formuleringane for å få flest mogeleg til å stille seg bak uttalelsen. Eorg meiner at UFU bør seie seg einig med uttalelsen, men spille inn at det er ynskjeleg at dei tre nivåa for medverking vert knyta saman. I tillegg bør UFU diskutere om me er einige med at aldersgrensene i eit slikt medverknadsorgan er 13 – 19 år. Uttalelsen nemnar at «Politisk arbeid er også et helårsarbeid. Derfor bør valgte representanter også arbeide med oppfølging av sakene gjennom hele året.» I tillegg til at alle representantane forpliktar seg til å følgje opp saker, meiner Eorg at medverknadsorganet på nasjonalt nivå skal velje eit arbeidsutval som har eit tilnærma likt ansvar som UFU no har overfor UFT. Dette samsvarer med punkt 4 under Eigen Organisasjon i UPP.
  - Forslag til vedtak: UFU stiller seg bak uttalelsen, men med følgjande innspel til endringar:
    - Eit nasjonalt medverknadsorgan skal basere seg på kommunale- og fylkeskommunale medverknadsorgan for ungdom. Dei tre ulike nivåa skal henge saman og byggje på kvarandre.
    - Ei eventuell endring av aldersgrenser
    - Alle representantar i det nasjonale medverknadsorganet forpliktar seg til å arbeide med oppfølging av sakene gjennom heile året. I tillegg til dette skal organet velje ei arbeidsutval som har eit særskilt ansvar for oppfølging, samt andre oppgåver som deltaking i planlegging og gjennomføring av arrangementet.

- Har dere konkrete innspill til prosessen? Hva vi bør gjøre/hvordan osv.?
  - o Forslag til vedtak:

I tillegg meiner underteikna at ein bør stille seg bak og leggje ved Maria Vatnøy sin høyringsuttalelse til lovfesting av medverknadsorgan på kommunalt- og fylkeskommunalt nivå. Det er ein grundig uttalelse som kjem med mange gode, relevante punkt og forklarar kva arbeid som er lagt ned rundt dei ulike nivåa av medverknadsorgan.

[http://www.regjeringen.no/pages/38472851/Maria\\_Vatnoy.pdf](http://www.regjeringen.no/pages/38472851/Maria_Vatnoy.pdf)

Cecilie Fredheim  
Leiar, Eigen Organisasjon